

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Frode Elias Synnes	Arkiv:	K1-090, K3-&29
Arkivsaksnr:	20/1195 22/23477		

Interpellasjon frå Sula Frp til kommunestyret - alternative løysingar på Sula kommune sine utfordringar med godkjent avlaupreinsing

Utvale:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	22.09.2022	060/22

Interpellasjon:

Sula FrP meiner at eit felles avlaupsreinseanlegg på Kvasnes blir ei alt for stor økonomisk belastning for innbyggjarar og næringsliv, og viser til informasjonen vi har innhenta om alternativ reinsing. Vi håper derfor at kommunestyret støttar vårt forslag og gjer eit positivt vedtak.

Forslag til vedtak: Sula kommunestyre ber kommunedirektøren utgreie og innhente informasjon om alternative løysingar på Sula kommune sine utfordringar med godkjent avlaupreinsing.

Når vi no har fått nye kvalitetsikra tal på investeringskostnadane for Kvasnesanlegget, omlag 2,1 milliardar kroner (P85), meinar vi at vi skyldar innbyggjarane å sjå etter andre rimelegare og kanskje betre løysingar. Sula kommune sin andel av kostnadane er omlag 500 millionar og i tillegg kjem prisauke fram til ferdigstilling, kapitalkostnader og årlege driftskostnader. Så at dette kjem til å gi oss ei enorm auke på avlaupsgebyret, skjønar alle. I tillegg til at Kvasnesanlegget er dyrt, kan det sjå ut som at denne reinseteknologien er i ferd med å bli utdatert. Det har gått mange år sidan dei første berekningane kom, og viljen til å sjå på andre løysingar har ikkje vore stor.

Sula FrP har fleire gongar meint og foreslått at Sula kommune må greie ut alternative løysingar på avlaupsproblema våre, og ikkje berre satse alt på eit kort: «Felles reinseanlegg på Kvasnes». Dette har vi dessverre ikkje fått fleirtal for, og vi har derfor no innhenta informasjon om alternativ til Kvasnesanlegget sjølve.

Vi har hatt kontakt med fleire leverandørar, men dei som vekte størst interesse, og som kan vere løysinga for Sula (og kanskje Ålesund) var RENASYS og HELLENES. Dei har utvikla og patentert ein heilt ny metode for reinsing av avlaupsvatn og behandling av kloakkslam, basert på teknologi frå oljenæringa.

Vi hadde møte med dei på Teams, og fekk ei god innføring i deira sine løysingar. Denne

informasjonen kan dei også halde for kommunestyret, om det er ønskeleg. Dei har samarbeida med Sunnfjord kommune om eit pilotprosjekt i Førde. Vi legg ved eit utdrag frå Sunnfjord kommune si heimeside og frå ei avisreportasje i Firda om dette prosjektet, samt presentasjoner frå Renasys/Hellenes. Her får du eit innblikk i kva og korleis deira reinsing virkar. Dei viktigaste punkta er følgande:

- STOR OG MILJØVENLEG REINSEKAPASITET. Effektiv og berekraftig teknologi for mekanisk rensing av avlaupsvatn. Ingen bruk av kjemikalier.
- AREALEFFEKTIVT. Modulbygg på 70 m² erstattar anlegg på 1200 m². (Ca.30000PE)
- MODULBASERT. Kan utvide kapasiteten ved behov, og kan tilpassast avlausmengd. Kan og ha fleire mindre anlegg og spare på overføringsledningar/pumpekostnader.
- KORT LEVERINGSTID. Kan vere fullt operativt i løpet av 2 – 3 år.
- INGEN INVESTERINGSKOSTNAD. Leverandøren eig og driftar anlegga, kommunen betalar kun gebyr pr. m³ avlaupsvatn. Gir stabilitet i avlaupsgebyret til innbyggjarane.
- LITE, MEN MILJØVENLEG RESTSLAM/PULVER. Kan nyttast til Biokol og jordforbetring. Inntektskilde for kommunen, og sparar store kostnader til transport.

Sjå vedlegg.

For Sula FrP
Øystein Båtnes
gruppeleiar

Tittel	Dok.ID
Interpellasjon til kommunestyremøtet 22.09.22	606083
Interpellasjon 22.09 V2	606084
Interpellasjon 22.09 V1	606085
Hellenes AS - informasjon til Sula Kommune 09sep2022	606213

22.09.2022 Kommunestyret

Interpellanten Øystein Båtnes presenterte interpellasjonen munnleg.

Maria Marthinussen fekk innvilga permisjon av ordførar frå rundt kl 2100 og ut møtet.
28 voterande.

Fellesforslag utarbeidd i gruppemøte:

Sula kommunestyre ber kommunedirektør om å innhente informasjon vedrørende alternativ avlaupsanlegg m.h.t. kostnadsoverslag, rensegrad etc.
Presenteres for kommunestyret innen 6 månadar.
Viser til bakgrunnsinformasjon gitt i interpellasjon.

Forslaget vart vedtatt med 26 mot 2 stemmer (Michelle Busæt og Ronny Johan Juul, begge SV).

K-060/22 Vedtak:

Sula kommunestyre ber kommunedirektør om å innhente informasjon vedrørende alternativ avlaupsanlegg m.h.t. kostnadsoverslag, rensegrad etc.

Presenteres for kommunestyret innen 6 månadar.

Viser til bakgrunnsinformasjon gitt i interpellasjon.

Saksopplysningar:

Reglane for behandling av interpellasjon er nedfelt i punkt 10 i møteregelement for Sula kommunestyre:

- a. Kvar medlem kan kome med førespurnad til ordføraren i form av ein interpellasjon. Interpellasjonen bør gjelde prinsipielle spørsmål. Interpellasjonen må vere ordføraren i hende seinast 10 dagar før møtedagen (møtedagen ikkje medrekna).
- b. Interpellasjonen skal bli sendt medlemmene saman med sakliste og saksdokument.
- c. Den som har meldt interpellasjonen har rett til å leggje fram ei kort munnleg grunngjeving.
- d. Møteleiaren svarar på interpellasjonen.
- e. Ved eventuelt ordskifte kan interpellanten, møteleiaren, kommunedirektøren og gruppeførarane ha ordet to gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong.
- f. Møteleiaren, eller 1/3 av medlemmene, kan motsetje seg at det vert gjort vedtak i tilknyting til interpellasjonen.

Vurdering:

Interpellasjonen kom ordførar og formannskapssekretær i hende søndag 11.09. – innanfor 10-dagars fristen nemnd i bokstav a ovanfor.